

Ein orgelkonsert å gle seg til

Søndag ettermiddag held den britiske organisten Tim Rishton ein orgelkonsert i Sunnylvn kyrkje.

Rishton er kjend frå radio og fjernsyn i fleire land og gav i fjor 70 orgelkonsertar i fem land.

Av Lars O. Fivelstad

– Min filosofi er enkel på konsertane: Alle skal ha det artig og ønskje å kome att ein annan gong. Det blir difor eit lett og variert program i Sunnylvn kyrkje, der eg og fortel litt om stykka, fortel Tim Rishton.

Konserten har fått tittelen 100 år med musikk, og har spennvidde frå Egil Hovland sin "Kjærlyghet er lysets kilde" til Johannes Brahms koralforspill: Det hev ei rose sprunge.

Prislønna

Rishton har si utdanning frå universitet i Østerrike, Wales og England. Her vann han alle før-

steprisane i orgelspel, og seinare vart han tilsett som lektor i orgel- og kyrkjemusikk og også som domkantor. For tida er han tilsett som organist i Rauma kommune.

Konsertar i mange land

Tim Rishton har gitt konsertar i mange land og med ulike orgelverk som strekkjer seg frå Poulenc sin orgelkonsert til britiske 1700-tals konsertar – frå Bach sine komplette orgelverk i Skandinavia til Franz-Schmidt-kveld i Royal College of Organists i London.

Rishton har og gjeve forelesningar på både engelsk, walisisk og norsk ved mange universitet og musikkhøgskular. Nokre av desse er sendt på radio og fjernsyn i fleire land.

Tim Rishton opptrer regelmesig på radio og fjernsyn i fleire land. Han har spela inn to solo-plater og plater saman med diverse artistar. I fjor gav Rishton mest 70 orgelkonsertar i fem land, og har byrja spele inn Bach sine samla orgelverk for radio.



Organisten Tim Rishton skal halde ein orgelkonsert i Sunnylvn kyrkje søndag.